

ER DET DELBØRT?

OM ULOVLEG DELING AV BILETE
BLANT UNGDOMMAR



POLITIET

A photograph of two young men sitting on a couch in a dimly lit room. The man on the left, who is Black, is looking down at his smartphone. The man on the right, who is white, is also looking at his smartphone. They are both wearing hoodies. The background is a dark, paneled wall.

DET KAN DELAST. MEN BURDE DET?

Politiet lanserer i 2019 eit nytt undervisningsopplegg til ungdomsskuleelevar for å førebygge deling av seksualiserte bilete. Undervisningsopplegget har fått namnet «Delbart?» og er utvikla fordi ungdom i vår tid lever på mobilen og bruker appar som legg til rette for bilete, video og deling. Dessverre inneber òg denne delingskulturen at unge tek – og spreier – seksualiserte bilete og videoar av seg sjølv og av andre.

13 prosent i alderen 13–18 år har delt nakenbilete av seg sjølv på nett det siste året ifølgje Medietilsynets born og medium-undersøking 2018. Vi ønskjer å hindre at prosentraten aukar.

Mange veit ikkje at slik produksjon, oppbevaring og deling ofte er straffbart.

NORSK LOV GJELD ÓG MOBILEN

Vanlege lover og reglar gjeld òg på mobilen. Men vi ser at mange trur dei er meir anonyme på nett, og at det bidreg til å viske ut grensene for korleis det er greitt å oppføre seg.

Politiet har sett mange saker der ungdom sender eit nakenbilete til nokon dei stoler på, men mottakaren spreier likevel biletet vidare. Det er ulovlig, og delinga er ei stor påkjenning for den avbilda.

Nokre nylege eksempel frå verkelegheita:

Ein gut på 17 filmar ei jente på 16 som syg han. Jenta veit ikkje at guten filmar. Han sender videoen vidare til venner, som delar vidare, og filmen spreier seg så i høg fart på internett.

Ei jente på 16 år filmar to personar under 18 år som har sex, og legg ut filmen på sosiale medium. Filmen blir sletta relativt raskt, men veldig mange har allereie sett han og teke skjermdumpar av filmen.

Ei jente på 16 år sender eit nakenbilete av seg sjølv til kjærasten sin. Det blir slutt, og guten sender biletet vidare til kompisar, som igjen deler vidare. Jenta har for lengst mista kontrollen over biletet. Nokon legg biletet ut på ein pornografisk nettstad.



KJENNER IKKJE LOVA


Mange ungdommar kjenner ikkje lovverket og veit ikkje kor grensene går. Først etterpå oppdagar dei at dei ikkje har kontroll over det dei har delt – og då er det som regel for seint.

Nakenbilete og sexvideoar som blir delte på nett, er vanskelege å få fjerna. Det å vite at eit nakenbilete av deg sjølv blir spreitt på nettet, er ei tung belastning, spesielt for born og unge. Dei fleste ungdommar skjønner at det er dårleg gjort å vidaresende, men veit dei at det er straffbart?

Straffelova seier:

Det er *ikkje* lov å sende seksualiserte bilete til nokon under 16 år, eller nokon eldre som ikkje har gjeve samtykke til det.

Det er som utgangspunkt straffbart å **TA, HA** eller **DELE** nakenbilete eller film av nokon som er under 18 år. Unntaksvis kan straffa falle bort dersom guten/jenta har eit nakenbilete av nokon som synest det er greitt at personen har biletet (for eksempel kjærasten), så sant dei er omtrent like i alder og utvikling og den som blir avbilda, er mellom 16 og 18 år. **Det er uansett forbode å dele biletet vidare.**

A young woman with light brown hair and freckles is looking down at a white smartphone held in her hand. The background is a soft, out-of-focus blue.

IKKJE VANLEG

Viss det spreier seg ei oppfatning om at denne typen biletdeling er veldig vanleg, kan enkelte kjenne på eit press om å gjere det same.

Det er derfor viktig å peike på at dei fleste ungdommar ikkje sender nakenbilete. 87 prosent i aldersgruppa 13–18 år seier dei ikkje har gjort det det siste året.



KVA KAN FORELDRE GJERE?

Ungdom må vite at dei kan snakke med dei føresette eller andre vaksne dei stoler på, viss dei er bekymra for noko som har skjedd på nett. Snakk med borna dine, still spørsmål og fortel om konsekvensane av ulovleg biletdeling – slik kan du sette barnet ditt i stand til å ta gode val. Kven sender dei *eigentleg* til? Er det *lov*? Er det *greitt*? Og kva om biletet blir *spreitt* vidare?

politiet.no/delbart

Born er personar som er, eller gjer inntrykk av å vere, under 18 år.

ER DET *DELBART*?

Har barnet ditt opplevd å få bileta sine spreidde? Her er nokre råd:

Ta skjermbilete og dokumenter kven som har delt, og kor og når det er delt.

Meld frå til den aktuelle applikasjonen eller nettenesta.

Kontakt politiet på 02800, eller møt opp på nærmaste politistasjon.



VEIT DU *EIGENTLEG* KVA SOM ER *DELBART*?

Test deg sjølv her
politiet.no/delbart